

Arkivref: 2019/2789 - 23685/2019  
Saksh.: Trygve Dahl

Saksnr	Utval Utval for rehabilitering, helse og omsorg	Møtedato
--------	--	----------

## **HØYRINGSSVAR SAMBUARGARANTI PÅ SJUKEHEIM**

### **Framlegg til vedtak:**

Utval for rehabilitering, helse og omsorg godkjenner høyringsuttalen om sambuargaranti på sjukeheim slik den ligg føre.

Vedlegg:

- 1 Høyringsbrev - Forslag om endringar i forskrift om ei verdig eldreomsorg - sambuargaranti
- 2 Høyringsnotat - Endringar i forskrift om ei verdig eldreomsorg - sambuargaranti

**Innleiing (bakgrunn for saka)**

Helse- og omsorgsdepartementet har sendt ut på høyring forslag om å forskriftsfesta sambuargaranti. Regjeringa vil leggje til rette for at alle par som ønskjer det framleis skal kunne bu saman sjølv om den eine får sjukeheimplass eller omsorgsbustad med heildøgnsomsorg.

**Saksutgreiing (fakta, saksopplysningar)**

Forslaget er ei vidareføring av «verdighetsgarantien» (forskrift 12.nov. 2010 nr. 1426) som har som føremål å sikre at eldreomsorga vert lagt til rette på ein slik måte at den bidrar til ein verdig, trygg og meningsfull alderdom.

Det kan i dag vera dramatisk å flytte frå heim til sjukeheim. Kommunane vert utfordra til å finne gode løysningar på lokalt nivå for at partnerar, både med og utan helse- og omsorgsbehov får høve til å flytte inn saman med partnaren sin når dei ønskjer dette.

Ein partner si forståing og nærleik kan vera viktig for den einskilde bebuar si tryggleikskjensle og eigenverdi. Ved å opna og leggje til rette sjukeheimane for pårørande bidrar me samtidig til å byggje bru mellom pårørandeomsorga og den offentlege helsetenesta. Ein sambuargaranti kan bidra til å vera ein dørøpnar for innovativ pårørandeomsorg i kommunane, der pårørande gradvist vert invitert inn i sjukeheimane og kan halde fram med innsatsen sin for sine nære dersom dei sjølv ønskjer det. Fleire kommunar har valt å ta inn sambuargaranti i sine lokale forskrifter om rett til langtidsopphald og stå på venteliste. Etter det departementet kjenner til er ordninga med sambuargaranti ei ordning som vert etterspurt av eit fåtal brukarar i dag.

Dersom forskrift om sambuargaranti vert vedteken meiner regjeringa at det er viktig at kommunane gir god informasjon og vegleiing for å sikre at ein sambuargaranti ikkje skapar press eller forventningar om at partnaren skal følgje med inn i sjukeheimen. Partnaren sitt omsorgsbehov må sjåast lausreve frå den som oppfyller vilkåra for sjukeheimplass. Når sjukeheimsbebuaren døyr må kommunen gjera ei sjølvstendig vurdering av partnaren sitt behov for helse- og omsorgstenester og denne vil danne grunnlaget for eventuell vidare tenestetildeling.

Dersom kommunen vurderer at partnaren vil vera til hinder for eit forsvarleg tenestetilbod til sjukeheimsbebuaren eller andre bebuarar, vil kravet om forsvarlegheit vera avgjerande for kommunen si vurdering av om sambuargarantien kan oppfyllest.

Departementet meiner at det er såpass få som vil nytte seg av garantien at det ikkje vil påverka kommunen sitt behov for bygningsmessig kapasitet. Kommunen vil ha høve til å krevje eigenbetaling for opphald i institusjon heilt opp til sjølvkost.

**Vurdering**

Ei kommunal arbeidsgruppe har vurdert helse- og omsorgsdepartementet sitt høyringsnotat og rådmannen stør deira merknader.

## FORSLAG TIL HØYRINGSSVAR

Det er positivt at dei som ønskjer at partner skal bu på same rommet som den sjukeheimstrengande får rett til dette. Me er einig med departementet at dette sannsynleg er ei sjeldan problemstilling. Stord kommune har følgjande merknader til ny forskrift:

1. Det må koma fram i forskrifta at partner som flyttar inn til sjukeheimsbebuar har ansvar for å behalde bustaden sin der det er sjanse for at vedkomande ikkje vert vurdert som sjukeheimstrengande etter at partner er død.
2. I tillegg til eigenbetaling for mat, må me leggje inn kostnad til klesvask, lintøy, varmt vann, utstyr i fellesareal, evt. tilsynslege etc. Paret sine totale utgifter må likevel ikkje overstiga sjølvkost for det aktuelle rommet.
3. Partner må få sin eigen sjukeheims plass, dersom vedkomande utviklar eit sjølvstendig behov for ein slik plass etter kvart.
4. Kommunen må kunne avslå ønskje på vegne av innlagt partner, dersom den sjukeheimstrengande ikkje ønskjer å ha partnaren med inn på sjukeheimen.

### **Økonomiske konsekvensar**

Det får neppe økonomiske konsekvensar for kommunen å oppfylle ein slik rett.

### **Miljømessig konsekvens**

Ikkje vurdert

### **Folkehelse**

Ein slik rett kan bety mykje for einskilde par

### **Universell utforming**

Ikkje aktuelt

### **Beredskap**

Ikkje aktuelt

### **Konklusjon, alternativ tilråding**

Rådmannen rår til at Utval for rehabilitering, helse og omsorg godkjenner høyringsuttalen slik den ligg føre.

### **Plan for gjennomføring**

Høyringsuttale frå Stord kommune vert sendt til helse- og omsorgsdepartementet etter godkjenning i komiteen.